

Møtereferat – Arbeidsgruppe for samanslåing av oppvekst/skule

Dato: 17.10.2025

Stad: Kommunestyresalen

Tid: 13:45–14:25

Metode: IGP (Individuell – Gruppe – Plenum)

Deltakarar:

Norunn Velsvik

Synnøve Haug

Hilde Aarsand Vik

Liz Torine Enerhaug

Ole-Jacob Arnesen

Hans Olav Vattøy

Orla Jane Kleven

Marianne Ulstein Johnston

Alf Marius Grønnevik

Karen Strand

Inger Lise Haddal

1. Prosjektfasar og metode

- Det vart nytta IGP-metode:
 - Individuell refleksjon (4 min)
 - Gruppearbeid (ca. 30 min)
 - Presentasjon i plenum
- Utkast til aktivitet og fasar i prosjektet vart diskutert.

2. Elevrelaterte tiltak

- **Elevrådsmøter:**
 - Start med individuelle møter, mål om felles møte innan sommaren.
- **Besøksrunde:**

- Kan gjennomførast i samband med symjing, fredag om tre veker.
 - **Klasseinndeling:**
 - Karen utarbeider fellesskriv som rektorane skal formidle.
 - Viktig at ein sikrar relasjonar. Det kan vere ein god måte at lærarar tek opp tema i elevsamtale.
 - Spekterundersøking kan nyttast.
 - **Elevar med særskilde behov:**
 - Bruke same overgangsmal som ved overgang til ungdomsskule.
 - Ulstein skule ønskjer avklaring om samarbeid med PPT.
-

3. Tilsette og samarbeid

- **Samarbeidstid:**
 - Bør leggjast opp til meir samarbeid og trygging av miljø.
 - **Fagleg møte:**
 - Planlagt 17. november mellom dei to skulane.
 - Viktig at dette vert eit godt og inkluderande møte.
 - **Fokusområde for Ulsteinvik barneskule:**

For at ein skal ha rom til å arbeide med prosessen har ein prioritert desse område fram til sommaren 2026:

 - HMS-arbeid
 - Fagleg inkludering
 - Beredskap
-

4. SFO og assistentar

- God oppdekking i SFO er viktig og bør planleggjast godt.
 - Mange assistentar kjenner kvarandre frå ferie-SFO.
-

5. Foreldre og kommunikasjon

- **Informasjon og møteplassar:**

- Viktig med gode møteplassar og god informasjon til føresette.
 - **Foreldremøte:**
 - Planlagt i november.
 - Tilsette må prøve å gi så gode svar som mogleg, sjølv om ikkje alt er klart.
 - **Informasjonsflyt:**
 - Karen sender forslag til informasjon ut til arbeidsgruppa.
 - Skulane må bruke lik informasjon.
-

6. Leiargruppa

- Personalgruppa har mandatet for vidare arbeid.